



Skulemusikken er i fin utvikling. Her under basaren i november 2014

Uskedal skulemusikk er i godt driv med 16 musikarar og 7 aspirantar denne sesongen. Dirigent er framleis dyktige og populære Tor Skeie Olsen, og han har god hjelp av Julie Skeie Olsen på instruktørsida. No er tida komen for dei som vil verta aspirantar neste sesong. Det vert informasjons- og prøveblåsingssamling tirsdag 7.april kl.17.

Alle som går i 2., 3. og 4. klasse vert invitert til samlinga som er i Uskedal skule. Der får ein viktig informasjon om korleis det er å vera aspirant og korleis dei søkjer. Alle aspirantar i skulemusikken er nemleg elevar i Kvinnherad kulturskule. Derfor må dei søkja opptak der, og den søknadsfristen er 15.april.

På møtet 7.april får alle prøva å få lyd i ulike instrument som kornett, althorn og baryton. Det pleier å gå kjempefint! Dermed får dei og eit inntrykk av kva instrument dei likar best.

Etter at dei er ferdige med instrumentprøvinga, vil dei få vera med og høyra på korpset som vil ha ein liten konsert spesielt for dei framkomne. Styret håpar på godt fram møte denne første tirsdagen etter påske slik at det vert mangre nye aspirantar.

Korps er kult og ein hobby ein kan driva med heile livet!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.